



Pressemelding 26. oktober 2020

## **Halvparten av Alver-tala er importsmitte**

**16 har fått påvist koronasmitte i Alver i oktober. 8 av desse er arbeidsinnvandrarar.**

I oktober har Alver kommune registrert like mange med koronasmitte, som i mars då pandemien braut ut.

– 16 med påvist smitte på ein måned høyrer mykje ut. Difor er det viktig å få fram at ein stor del av denne smitten tilhøyrer ei gruppe som går rett i karantene når dei kjem til kommunen vår, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.

Fleire norske kommunar er i same situasjon som Alver.

– Det er nasjonal merksemd knytt til at arbeidsinnvandring gir aukande smittetal i ein del norske kommunar. Vi har vår del av dette her i Alver, seier Folgerø.

### **FAKTA – Smittetal i Alver**

- Oktober: 16
- September: 4
- August: 3
- April: 10
- Mars: 16

### Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Silje Andvik Hoas, kommunikasjonsleiar  
Mobil: 456 62 114